



Bente Kopperdal Hervik

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/750 - 17/6972

Saksbehandlar:

Ingrid Didriksen

ingrid.didriksen@radoy.kommune.no

Dato:

30.05.2017

Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning

Nødvendig rehabilitering av dusjrom i Radøyhallen – Behovsanalyse

Anleggsnummer 126000104

Radøyhallen er eit kommunalt idrettsanlegg med idrettshall, 25-metersbasseng, terapibasseng og innandørs skytebane. Det er også solarium i Radøyhallen, og i tilknytning til hallen ligg Ungdomens hus. Radøyhallen ligg på Manger, like ved Radøy ungdomsskule. Radøy ungdomsskule nyttar hallen mykje i forbindelse med mellom anna svømmeundervisning og gymnastikk.

Radøyhallen vart offisielt opna 1. januar 1988 og har sidan ytt eit breitt sørvistilbod til publikum og lag og organisasjonar i og utanfor kommunen. Idrettshallen vert nytta flittig av skular, lag og organisasjonar, og i tillegg til spesielle arrangement slik som dansegallaer, stemne, utstillingar og liknande.

Sjølvsagt er det framleis den sportslege aktiviteten som er størst i hallen, og dette syner seg klart i større turneringar som Manger Cup. Hallen er mykje brukt både på dag- og kveldstid. Om dagen vert hallen disponert av skulane i Radøy og om kvelden av ulike lag og organisasjonar frå Radøy og omegn. Hallen er oppmerkt med 3 små og ei stor basketballbane, handballbane, 4 små og 1 stor bane for volleyball, 4 badmintonbaner, og med høve for bordtennis og tennis. I tillegg finn ein i apparatrommet eit vidt spekter av utstyr for fri-idrett og andre sportslege aktivitetar. Lag og organisasjonar søker kommunen kvart år om lån av Radøyhallen.

I samband med den sportslege aktiviteten og gym og symje undervisning er dusjgarderobane hyppig brukt. På dagtid er bassenget i bruk av alle skular og barnehagar i område (totalt 8 skular og barnehagar), og på kveldstid er det i bruk svømmeklubben i Radøy og nokon kveldar er det opent for befolkninga. I tillegg er bassenget i bruk av Folkehøyskulen og Floen kollektivet. Bassenget har ein kapasitet på 60-70 personar. På kveldane er dette vanlegvis tilfellet.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Førehandsgodkjenninga gjeld oppgradering av dusjrom med etablering av dusjbåsar.

Den hyppige bruken av hallen fører sjølvsagt til slitasje, sjølv om vanleg vedlikehald og reinhald i hallen er særdeles godt. Dusjgarderobane er av same årgang som hallen, altså om lag 29 år og er no mogent for ein oppgradering. I nokon av garderobane er det skifta golvbelegg og veggplater. Golvbelegg skal i desse tilfella behaldast. Det er nødvendig med dusjbåsar på grunn av at skuleelevar ikkje ønskjer å dusje i samband med svømmeundervisning og gymnastikk. Dette er blitt eit vanleg problem i heile landet. Det er derfor eit sterkt ønskje frå skulane at det vert sett opp dusjbåsar. Etablering av dusjbåsar og oppgradering av dusjromma er vedtatt i kommunestyret.

Det er ønskje golvbelegg, himlingsplater og veggplater av same type som i dag.

Hallen har god tilkomst og er universelt utforma. Parkering for rullestolbrukarar tett ved inngangen til hallen. Det er også ein eigen garderobe som er tilpassa for personer med nedsett funksjonshemming.

Kostnadsoverslag: Førehandskalkyle frå tilbod frå leverandør

Legging av nytt punktelastisk sportsgulv :	kr 920 000,-
Uforutsett + førehandsarbeid . :	kr 100 000,
<u>Administrasjonskostnader tilbodsinnhenting etc</u>	<u>kr 75 000,-</u>
<u>Sum kostnader. Grov kalkyle inkl mva</u>	<u>Kr 1 095 000,-.</u>

Finansiering: Kommunen forskoterer alle kostnader sjølv.

Med helsing

Ingrid Didriksen
Prosjektleder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Arkitektteikning
Fasadar og lengdesnitt
Plan
Situasjonskart
Tilbod

Mottakarar:
Bente Kopperdal Hervik